

Årsmøteuttale – Fastlandssamband Halsnøy–Stord (Hillefast)

Årsmøtet i Kvinnherad MDG støttar arbeidet med å realisera fastlandssamband mellom Halsnøy og Stord.

Kvinnherad er i dag for sårbar som ferjeavhengig kommune. Manglande føreseielege samband svekkjer rekrutteringa til helse- og omsorgstenester og utdanningssektoren, gjer pendling vanskeleg, reduserer utviklingsmoglegheitene for næringslivet og svekkjer beredskapen.

Eit direkte samband Halsnøy–Stord vil knyta kommunen tettare til arbeidsmarknad, utdanning og sentrale tenester i Sunnhordland, og styrkja grunnlaget for busetjing.

Det regionale initiativet som no er etablert for å føra prosjektet vidare, gjer det særleg viktig at Kvinnherad kommune tek ei aktiv og tydeleg pådrivarrolle overfor fylke og stat.

Årsmøtet meiner dette er ein meir realistisk og samfunnsnyttig veg vidare enn tidlegare store samferdselskonsept som Sunnfast. Halsnøy–Stord (Hillefast) framstår som eit gjennomførbart prosjekt med klar regional nytte og betre balanse mellom kostnad, naturinngrep og samfunnsgevinst.

Kvinnherad MDG legg til grunn at prosjektet skal planleggjast som eit klima- og samfunnsprosjekt, med:

- gode løysingar for kollektivtransport og samkøyring
- låge utslepp i bygging og drift
- strenge natur- og landskapsomsyn

Kvinnherad MDG ber kommunen prioritera Hillefast som hovudretning i vidare arbeid og aktivt bidra til å løfta prosjektet fram regionalt og nasjonalt.